



Sigurd satsar ved brua, no er han snart 73!

**Uskedalen har mange aktive pensjonistar og ein av dei er Sigurd Myklebust. I mai fyller han 73 og no har han 55 år i bilbransjen bak seg. Forsåvidt kunne han pensjonera seg med det beste samvit, men tvertimot har han satsa på nyetablering. Han har slege seg ned ved brua etterat nye eigarar på Brekketoppen ville ha lokala til andre føremål. Skiltet Kvinnherad Auto er på plass på nybygget nærmast brua. Sigurd har leigd parkeringsplassen og fyrste høgda.**

Plassen er fylt av Vikingbilen, 10 leigebilar og mange flunkande nye hengjarar. Dei fleste av dei er seld, fortel Sigurd, som naturleg nok får dette spørsmålet:

- Var du ikkje no freista til å verta pensjonist?
- Eg kjende meg framleis for frisk til å stoppa opp og noko måtte eg pusle med. Men litt har eg trappa ned, ein annan hjelper meg med Viking-køyringa og då særleg langturane som dei til Haugesund og Bergen.

Sigurds bil-liv har kanskje noko med genene å gjera, for det ligg tildels i slekta. Dessutan var dette med bil noko stort og fristande då han var ung. Og han har aldri angra på valet.

Vi som er kundar har heller aldri angra på at Sigurd valde dette yrket, for han har alltid vore like positiv og tenesteviljug og alltid raskt på pletten som problemløysar.

Det var i 1998 han selde anlegget til Auto 88. Han hadde ikkje nokon i familien som kunne ta over. Men han heldt fram med leige av bensinstasjonen og beheldt hallen for understellsbehandling. I dei seinare åra har ikkje minst tilhengjarsalet vore ein bra butikk, han har vore heilt oppe i 100 eksemplar på eitt år.

Særleg i startåra hadde Sigurd det tøft. Då var han heilt åleine og det gjekk døgnet rundt. Men etterkvart fekk han økonomi til å ansetta folk og ikkje minst salet av Opel hadde ein positiv effekt. Men på 1980-talet kom det ei krise og då måtte han kutta ned frå 10 til 2 mann som overtok verkstaden på leigebasis. Auto 88 var eit faktum. Men Sigurd dreiv vidare. Sjølv konjunkturane har ikkje teke knekken på han!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen